



Saluton leganto!

Det nærmar seg sommaren, og med det den mest aktive sesongen for ulike esperanto-arrangement. Vårt eige landsmøte er denne gongen digitalt, men du har mange andre tilbod, som du finn på [Eventa Servo](#).

Riktig god mai frå redaksjonen! Har du tilbakemeldingar, ta gjerne kontakt med bergen@esperanto.no.

Esperanto i 198 land

Nestleiar i esperantoforbundet Jardar Eggesbø Abrahamsen har vore gjest hos Einar Tørnquist i podkasten 198 land. Det blei ein fin og ikkje altfor høgtideleg introduksjon til språket og esperanto-kulturen. Så om nokon du kjenner har lyst til å vite litt meir om esperanto, så kan dette vere ein bra plass å starte.

Podkasten er tilgjengeleg m.a. på <https://shows.acast.com/198-land-med-einar-tornquist/episodes/tema-esperanto-med-jardar-eggesb-abrahamsen>.



Snart 1000 i Brno

Pr. 1. mai er 960 personar frå 61 land påmelde til årets esperanto-verdskongress, som finn stad i Brno i Tsjekkia 26. juli til 2. august.

Universala Kongreso er den store årlege møteplassen for esperanto-rørsla, med massevis av føredrag, konsertar, kurs og ekskursjonar. [Her finn du meir informasjon om kongressen](#), og [her kan du melde deg på](#).

Er du ikkje alt individuelt medlem i esperanto-verdsforbundet, kan du spare pengar ved å [melde deg inn i forbundet her](#).



Landsmøtet 2025 - saksdokumenta er klare

Alle som har betalt kontingent for 2025, er velkomne på det virtuelle landsmøtet til esperantoforbundet, som finn stad torsdag 5. juni kl. 18.30 til 21.00. Saksdokumenta er no tilgjengelege på <https://esperanto.no/lm/2025>. Påmelding til oficejo @ esperanto.no innan 2. juni.



Etter den formelle delen av årsmøtet fortel Kjell Heggvold Ullestad om den norske esperantorørsla under andre verdskrigen, under tittelen «La nazioj kaj NEL».

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 OSLO. inform@esperanto.no, +47 92922355